



## Møteprotokoll – Hovudutval oppvekst/kultur

---

<b>Utval:</b>	Hovudutval oppvekst/kultur
<b>Møtestad:</b>	Kommunestyresalen
<b>Dato:</b>	20.11.2023
<b>Tid:</b>	Kl. 17:00

---

**Følgande medlemmer møtte: Parti**

Inger-Emilie Kvalvåg PanayiotouAP

Bjørn Gerhard Huseby FRP

Cato Sivertsen INP

Eirin Klepmo Mellemstrand KRF

Ole-Ø. Hov MDG

Monica Vandaskog Valen SP

**Forfall:**

John Kristian Økland

**Parti**

H

**Vara:**

Kristin Bjelland

Robberstad

**Parti**

H

**Endring av saklista:**

Nokon orienteringar blei gitt i lukka møte, jf. koml. § 11-5 (3) b, jf. offl. §§ 14 og 23

**Endring i tal på medlemmer til stades:**

Ingen.

**Til å skriva under møteboka blei valde:**

1. Bjørn Gerhard Huseby
2. Ole-Ørjan Hov

*I tillegg signerer møteleiar og møtesekretær møteboka. Møtebøkene blir signert elektronisk.*

**Til stades frå administrasjonen:**

- Elisabeth Nygaard, kommunalsjef
- Lene Lier, rektor v/Sveio skule
- Petter Steen jr., rådgivar
- Kristine Rossehaug, digitaliseringsrådgivar
- Torunn Bjelland, utvalssekretær

## Saksliste

<b>Saksnr.</b>	<b>Sakstittel</b>
044/23	Godkjenning av innkalling og protokoll
045/23	Referat og meldingar
046/23	Orienteringar
047/23	Folkehelseoversikt for Sveio kommune 2023
048/23	Handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet 2024
049/23	Val av representantar til samarbeidsutval og skulemiljøutval 2023–2027
050/23	Ungdomsrådet – Reglement

## **044/23 Godkjenning av innkalling og protokoll**

### **20.11.2023 Hovudutval oppvekst/kultur**

#### **HOK - 044/23 Vedtak:**

Innkalling dagsett 10.november 2023, samt tilleggsinnkalling dagsett 15. november 2023, blir godkjent.

Protokoll frå møte 16. oktober 2023 blir godkjent.

## **045/23 Referat og meldingar**

### **20.11.2023 Hovudutval oppvekst/kultur**

#### **HOK - 045/23 Vedtak:**

Referat og meldingar blir tatt til orientering.

## **046/23 Orienteringar**

### **20.11.2023 Hovudutval oppvekst/kultur**

#### **Behandling**

#### **Kommunalsjef Elisabeth Nygaard orienterte:**

#### **Opplæringsloven §§ 9 A-4 og 9 A-5**

Arbeid med mål om eit inkluderande læringsmiljø for alle. Til liks med resten av landet har me utfordringar med omsyn til mobbproblematikk på mellomtrinnet. Satsinga blir følgd systematisk opp. Oppdaterte tal pr. 1. november 2023: Totalt 21 saker etter § 9 A-4 og tre saker etter § 9 A-5.

#### ***§ 9-4 Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll)***

*Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og*

tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skoleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.

#### **§ 9 A-5 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev**

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor.

#### **IKT og digitalisering i barnehage og skule**

Sveio kommune har inngått avtale med IKTNH. Dei heilskaplege konsekvensane av det inngåtte samarbeidet er no kartlagde. Kommunen som barnehagemynde har ansvar for å samordna eitt eller fleire hovudopptak av barn i barnehage. Det vil seia både for dei kommunale og dei private barnehagane. Det er barnehageloven § 17 som styrer dette.

#### **§ 17 Samordnet opptaksprosess i kommunen**

Alle godkjente barnehager i kommunen skal samarbeide om opptak av barn. Kommunen skal legge til rette for en samordnet opptaksprosess, der det tas hensyn til barnehagenes mangfold og egenart. Brukernes ønsker og behov skal tillegges stor vekt ved selve opptaket. Ved en samordnet opptaksprosess skal likebehandling av barn og likebehandling av kommunale og private barnehager sikres.

Kommunen har jobba i haust med ei omlegging av datasystem i tråd med det IKTNH har avtale om, frå IST til Vigilo. Dette krev store ressursar i organisasjonen, i tillegg til pågåande arbeidsoppgåver, men vil vera effektiviserande når me tar det i bruk. Særleg innan saksbehandling både som eigar og barnehagemynde, fakturering og foreldrekommunikasjon for dei kommunale barnehagane. Dette blir nytt for området.

Vidare veit me at IKTNH forventar at alle tilsette i skulane har tilgang på PC. Det er årleg ei prioritering/plan for budsjettmidlar til innkjøp og drift av både digitale og analoge læremiddel i samsvar med læreplanverket. Det pedagogiske opplegget i undervisninga er avhengig av at ein kombinerer digitale og analoge undervisningsmetodar. Ei utfordring kan vera at i motsetnad til bøker vil ikkje dei digitale læremidlane vera ei eingongsutgift. Dette har ikkje regjeringa tatt høgde for når dei innførte dei sentrale strategiane. Vidare er det ikkje tatt høgde for at nokre av verka/bøkene/programma ikkje står åleine, men krev at ein har tilleggslitteratur og andre læremiddel.

#### **Rådgjevar digitalisering Kristine Rossehaug orienterte:**

Presentasjon ligg ved protokollen.

#### **Rektor på Sveio skule Lene Lier orienterte:**

Tre teneste- og ansvarsområde: 1.–10. klasse (82 tilsette på 70 årsverk)

- Barneskule – 269 elevar
- Ungdomskule – 248 eleva
- SFO – 83 barn
- I tillegg: Loftet – eit tiltak for elevar på ungdomstrinnet.

Prioriterte satsingsområde:

- Språk, lesing og skriving
- Inkluderande barnehage og skulemiljø
- Overgangen mellom barnehage og skule
- Innføring av nytt læreplanverk
- Oppvekstreform/BTI

Kompetanseløftet:

- Fagleg inkludering (bruk av “introwords”, praktisk og leikprega undervisning)
- Sosial inkludering (skapa trygge elevar)
- Fysisk inkludering (aktive vaksne i friminuttane)

Sveio er ein MOT- skule:

- MOT til å leva
- MOT til å bry seg
- MOT til å seia nei

Utfordringar:

- Psykisk helse
- Åtferd
- Sosiale medium
- Tid

\*\*\*

Fleire tok ordet i saka.

Nokon orienteringar blei gitt i lukka møte, jf. kommuneloven § 11-5, tredje avsnitt, bokstav b, jf. offentlegloven §§ 14 og 23.

**HOK - 046/23 Vedtak:**

Informasjon gitt blir tatt til orientering.

## **047/23 Folkehelseoversikt for Sveio kommune 2023**

**20.11.2023 Hovudutval oppvekst/kultur**

## **Behandling**

Fleire tok ordet i saka.

**Røysting:** Samrøystes som rådmannen sitt framlegg.

### **HOK - 047/23 Vedtak:**

#### **Hovudutval oppvekst/kultur si tilråding til formannskapet:**

1. Sveio kommunestyre tek folkehelseoversikt for Sveio kommune 2023 til etterretning.
2. Oversiktsdokumentet skal vera eit av grunnlagsdokumenta for ny planstrategi for Sveio kommune.
3. Det må leggjast særskilt vekt på desse folkehelseutfordringane i det vidare planarbeidet:
  - Grunnleggjande dugleikar i skulen.
  - Fysisk aktivitet i nærmiljøet og rett kosthald for å førebyggja overvekt, fedme og dårleg tannhelse.
  - Aukande utanforskap i kommunen, særleg i aldersgruppa unge vaksne (18-29 år). Aukande utanforskap syner seg mellom anna ved utgifter til økonomisk sosialhjelp, høg del uføretrygda i folkesetnaden og fallande gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring.

## **048/23 Handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet 2024**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prioritert handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet 2024 blir vedteke slik det ligg føre.

### **20.11.2023 Hovudutval oppvekst/kultur**

#### **Behandling**

**Røysting:** Samrøystes som rådmannen sitt framlegg.

### **HOK - 048/23 Vedtak:**

#### **Hovudutval oppvekst/kultur si tilråding til formannskapet:**

Prioritert handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet 2024 blir vedteke slik det ligg føre.

## **049/23 Val av representantar til samarbeidsutval og skulemiljøutval 2023–2027**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

REPRESENTANTAR TIL SAMARBEIDSUTVALA I BARNEHAGAR OG SKULAR, SAMT SKULEMILJØUTVAL 2023–2027

#### **Førde barnehage SU**

Representant: ...

Vararepresentant: ...

#### **Sveio barnehage SU**

Representant: ...

Vararepresentant: ...

#### **Valestrand oppvekstsenter SU og SMU**

Representant: ...

Vararepresentant: ...

#### **Førde skule SU og SMU**

Representant: ...

Vararepresentant: ...

#### **Auklandshamn skule SU og SMU**

Representant: ...

Vararepresentant: ...

#### **Sveio skule SU og SMU**

Representant: ...

Vararepresentant: ...

#### **Vikse skule SU og SMU**

Representant: ...

Vararepresentant: ...

## **20.11.2023 Hovudutval oppvekst/kultur**

### **Behandling**

**Røysting:** Val av representantar er samrøystes.

**HOK - 049/23 Vedtak:**

REPRESENTANTAR TIL SAMARBEIDSUTVALA I BARNEHAGAR OG SKULAR, SAMT SKULEMILJØUTVAL  
2023–2027

**Førde barnehage SU**

Representant: Eirin Klepmo Mellemstrand

Vararepresentant: Monica Vandaskog Valen

**Sveio barnehage SU**

Representant: Kristin Bjelland Robberstad

Vararepresentant: Ole-Ørjan Hov

**Valestrand oppvekstsenter SU og SMU**

Representant: Ole-Ørjan Hov

Vararepresentant: Cato Sivertsen

**Førde skule SU og SMU**

Representant: Monica Vandaskog Valen

Vararepresentant: Eirin Klepmo Mellemstrand

**Auklandshamn skule SU og SMU**

Representant: Inge-Emilie Kvalvåg Panayiotou

Vararepresentant: Cato Sivertsen

**Sveio skule SU og SMU**

Representant: Cato Sivertsen

Vararepresentant: John Kristian Økland

**Vikse skule SU og SMU**

Representant: Cato Sivertsen

Vararepresentant: Inger-Emilie Kvalvåg Panayiotou



## **050/23 Ungdomsrådet – Reglement**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret vedtar reglement for Sveio ungdomsråd slik det går fram av saka.
2. Kommunestyret vedtar følgande endring av reglement for folkevalde organ:

I pkt. 19, første avsnitt, blir første setning endra til: Ungdomsrådet har rett til å stilla med éin representant i hovudutvala og to representantar i formannskapet og kommunestyret; ungdomsrådsrepresentantane har tale- og forslagsrett.

## **20.11.2023 Hovudutval oppvekst/kultur**

### **Behandling**

Ingen tok ordet i saka.

**Røysting:** Samrøystes som rådmannen sitt framlegg.

### **HOK - 050/23 Vedtak:**

#### **Hovudutval oppvekst/kultur si tilråding til formannskapet:**

1. Kommunestyret vedtar reglement for Sveio ungdomsråd slik det går fram av saka.
2. Kommunestyret vedtar følgande endring av reglement for folkevalde organ:

I pkt. 19, første avsnitt, blir første setning endra til: Ungdomsrådet har rett til å stilla med éin representant i hovudutvala og to representantar i formannskapet og kommunestyret; ungdomsrådsrepresentantane har tale- og forslagsrett.